



Alver kommune
Ordfører

«MottakerNavn»
«Kontakt»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»

Dykkar referanse
«Ref»

Vår referanse
2024/9872-1

Sakshandsamar
Sara Sekkingstad

Dato
06.09.2024

Uttale skyssbåt

Vedlagt følger uttale frå formannskapet i Alver kommune frå møte 05.09.2024 sak 58/24

Med helsing

Sara Sekkingstad
ordfører

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskriven signatur

Vedlegg

1 Saksprotokoll FO

Mottaker:

VESTLAND FYLKESKOMMUNE SKYSS

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Handsaming i Formannskapet - 05.09.2024:

Saka vart tatt opp i møtet.

Framlegg til uttale:

Skyssbåten Knarvik – Frekhaug – Bergen er eit populært kollektivtilbod for innbyggjarar i Alver og i Nordhordland som skal til og frå Bergen sentrum. Her kan reisande frå ulike delar av kommunen og regionen køyre til Knarvik og Frekhaug, parkere på Knarvik kai og Frekhaug kai og ta båten vidare til Bergen. At fleire innbyggjarar i Alver vel å bruke båten som transportmiddel, er heilt i tråd med målsetjinga om at fleire skal reise kollektivt, og bidrar til å ta ned biltrafikken på ein allereie overbelasta veg mellom Klauvaneset og Vågsbotn. Dette er eit kollektivtilbod som må utviklast vidare med fleire avgangar i kvardagen og eit tilbod i helgene.

Etter at Vestland fylkeskommune innførte innfartsparkering for reisande med periodebillett og parkeringsbevis på Knarvik kai, er det ikkje lenger mogleg for reisande utan periodekort å parkere på Knarvik kai for å ta båten til Bergen. Vi får òg tilbakemeldingar om at det er krevjande for personar som treng HC-parkering. Dette gjer at terskelen for å ta båten vert høgare, og at fleire vel å køyre til Bergen, stikk i strid med felles målsetjingar.

Alver kommune er forundra over at dette er innført utan å ha vore drøfta i Miljøløftet, der vi i fellesskap arbeidar for å nå nullvekstmålet.

Vi er bekymra for konsekvensane etter innføring av innfartsparkeringa, og ber om at det snarleg vert opna for at kollektivreisande som ikkje har periodebillett og parkeringsbevis hos Skyss kan parkere på Knarvik kai.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 05.09.2024:

Skyssbåten Knarvik – Frekhaug – Bergen er eit populært kollektivtilbod for innbyggjarar i Alver og i Nordhordland som skal til og frå Bergen sentrum. Her kan reisande frå ulike delar av kommunen og regionen køyre til Knarvik og Frekhaug, parkere på Knarvik kai og Frekhaug kai og ta båten vidare til Bergen. At fleire innbyggjarar i Alver vel å bruke båten som transportmiddel, er heilt i tråd med målsetjinga om at fleire skal reise kollektivt, og bidrar til å ta ned biltrafikken på ein allereie overbelasta veg mellom Klauvaneset og Vågsbotn. Dette er eit kollektivtilbod som må utviklast vidare med fleire avgangar i kvardagen og eit tilbod i helgene.

Etter at Vestland fylkeskommune innførte innfartsparkering for reisande med periodebillett og parkeringsbevis på Knarvik kai, er det ikkje lenger mogleg for reisande utan periodekort å parkere på Knarvik kai for å ta båten til Bergen. Vi får òg tilbakemeldingar om at det er krevjande for personar som treng HC-parkering. Dette gjer at terskelen for å ta båten vert høgare, og at fleire vel å køyre til Bergen, stikk i strid med felles målsetjingar.

Alver kommune er forundra over at dette er innført utan å ha vore drøfta i Miljøløftet, der vi i fellesskap arbeidar for å nå nullvekstmålet.

Vi er bekymra for konsekvensane etter innføring av innfartsparkeringa, og ber om at det snarleg vert opna for at kollektivreisande som ikkje har periodebillett og parkeringsbevis hos Skyss kan parkere på Knarvik kai.